

OG SÅ KAN SOMMAREN BEGYNNE

TEKST: Erna Osland • ILLUSTRASJON: Inger Lise Belsvik



Yssouf liker Eva.
På heile skulen liker han Eva best.

Ein dag stod ho heilt aleine.
Ho hadde tunga si ute.
Og snøen dalte ned.

Yssouf sprang bort til Eva.
Han sa: – Skal vi to vere kjærastar?

Eva tok tunga inn.
Ho sa: – Til sommaren kanskje.

No er det siste skuledag.
No er det skuleslutt.

Nett no er det sommar.
Og Eva skal gi eit svar.

Yssouf står ved skuleporten.
Han ventar på Eva.
At ho ikkje kan komme snart?

Endeleg kjem Eva.
Ho går bort til Yssouf.
Ho stiller seg framfor han.
Ho smiler ikkje.
Ikkje det grann.

Men ho seier ja.
– Ja, seier Eva til Yssouf.
Ho smiler.
Og så kan sommaren begynne!